



--

<b>Arkiv saknr:</b>	<b>2012/840</b>
<b>Løpenr.:</b>	<b>9472/2012</b>
<b>Arkivkode:</b>	<b>Q14</b>

<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Utval Saksnr</b>
Formannskapet		

Sakshandsamar: Åge Verpe

## **Vegplan for dei kommunale vegane i Vinje kommune Prioriteringar 2013-2016**

### **Vedlegg:**

- 1 Vegplan 2013-2016
- 2 Vegplan 2007-2010

### **Bakgrunn:**

Vinje kommune har hatt ein overordna vegplan for dei kommunale vegane. Sist denne planen vart lagt fram for rådmannen var i 2007 og planen skulle gjelde fram til 2010.

TDV ynskjer å vidareføre denne planen. Planen er enkel, oversiktleg og er på mange måtar fleksibel i høve storleiken på løvvingar frå år til år. Det vert oppfatta som rettvist blant publikum at ein har ein overordna plan der dei därlegaste vegane vert prioritert. Det er også ein fordel at desse prioriteringane vert vedteke politisk.

### *Investering eller drift*

I trå med god kommunal rekneskapskikk skal ei investering vere ei monaleg utbetring av vegkroppen. Døme på dette er mellom anna utskifting av berelag, slitelag, omlegging av veglinje mm.

Mindre vegarbeid som grusing, reinsking av stikkrenner, utskifting av ei og anna stikkrenne, grøfterensk, siktsonerydding mm er å sjå på som drift. Dagens budsjetttsituasjon syner gode løvvingar på investering mens ramma på drift-veg er noko låg. Vinje kommune nyttar mykje av vegmidlane til vintervedlikehald i privat regi.

### **Vurdering:**

Dei kommunale vegane i Vinje er generelt i brukbar stand. Dei siste 10 åra har kommunen prioritera ein eller fleire større vegprosjekt. Det er ynskjeleg at ein held fram med denne ordninga.

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

**Formannskapet vedtek vegplanen for 2013-2016**

Rådmannen,  
Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/



# Vinje kommune

## Teknisk drift og vedlikehald

3890 Vinje  
Tlf. 35 06 23 00  
Fax 35 06 23 01  
E-post:  
[postmottak@vinje.kommune.no](mailto:postmottak@vinje.kommune.no)  
Bankgiro: 2717.07.00037

## VEGPLAN FOR DEI KOMMUNALE VEGANE I VINJE KOMMUNE 2013 – 2016

Vinje 29.05.2012

Denne planen er meint som eit dokument for å ha ein overordna plan på bruken av investeringsmidlane. Det kan hende at ein innanfor den årlege investeringsramma må omprioritere midlane som er tenkt brukt på dei ulike vegane. Ein kan òg tenke seg at det kan vera hendingar eller anna som gjer at nokon prosjekt vert framskunda og andre vert utsette.

Ein tenker seg fylgjande prioritering av prosjekt:

- 2012:** Asfaltering /forarbeid , Såtehov
- 2012:** Del av Kromvikvegen

### 2011/2012:

1. Grungebru - Heie, 5 km:  
Opprusting i form av grøfting, utskifting av stikkrenner, auka bæreevne og nytt dekke.  
Samla kostnad ca 6 000 000 inkl. mva
2. Ny bru - forprosjekt. Forprosjektet vil utgreie naudsynte kostnader.

### 2013:

1. Ny bru - Heivegen - Hovudprosjekt. Ny veglinje, ny bru, late den gamle stå.
2. Lidvegen, 3,1 km:  
Oppstart av ein meir omfattande opprustning av denne vegstrekninga. Samla kostnad omlag 2,5 mill.

### 2014:

- 1 Åbøgrend ,masseutskifting, delar av vegen
- 2 Asfalt/grøfting i Grungedal

### 2015:

1. Tangen - Brekka
2. Haukeli gamleveg

### 2016:

1. Gamle E-76 i Edland



Vinje kommune  
Teknisk drift og vedlikehald

## Internt notat

Til:

Hans Kristian Lehmann

Frå: Øyvind Tovsland Kili

Saksnr.  
07/674

Løpenr.:  
1634/07

Arkiv  
Q14

Dato  
06.02.2007

---



**Vinje kommune  
Teknisk drift og vedlikehald**

3890 Vinje  
**Tlf. 35 06 23 00**  
**Fax 35 06 23 01**  
**E-post:**  
**postmottak@vinje.kommune.no**  
**Bankgiro: 2717.07.00037**

### **VEG PLAN 2007 - 2010**

Vegane i kommunen ber preg av lite vedlikehald og av å ikkje vera dimensjonerte etter dagens trafikksbelastning. Fleire av vegane har skader som til dømes: djupe hjulspor, krakelert asfalt, øydelagde stikkrenner, attgrodde grøfter, mangefull drenering osv. Dette fører igjen til problem med å få gjennomført brøyting og høvling slik ein hadde ynskt, og større trøng for strøyting på vinterstid bla. p.g.a. kjøving. Brukarane er difor ikkje nøgde med måten kommunen held vedlike vegane.

Det var ei periode stor vilje til å investere i fast dekke. I ettertid kan ein diskutere om dette var rett. Ein har nok opp gjennom åra spa ein del driftsutgifter i forhold til om vegane hadde hatt grusdekke. Men ein ser i dag at bereevna på vegane ikkje var god og at mykje av asfalten som blei lagt no er øydelagt, og har vore øydelagt i mange år. Den øydelagde asfalten kan verta ein stor kostnad for kommunen sidan asfalten kanskje må køyrast vekk til deponi, eller knusast opp att til gjenbruk.

Vegane treng no sårt ei opprusting for å redusere vedlikehaldsutgiftene, og for at brukarane vert meir nøgde med standarden på vegane.

Det er i økonomiplanen 2007-2010 lagt opp til ei årleg løyving på kr. 2 mill. til investering på kommunale vegar. Samla investeringsbeløp for perioden er kr. 8 mill.

Ein må starte med å få drenert vekk vatn og stabilisert vegkroppen før ein evt. i neste omgang ynskjer å leggje fast dekke. I tillegg må ein ruste opp enkelte grusvegar med nytt topplag.

Denne planen er meint som eit dokument for å ha ein overordna plan på bruken av investeringsmidlane. Det kan hende at ein innafor den årlege investeringsramma må omprioritere midlane som er tenkt brukt på dei ulike vegane. Ein kan òg tenke seg at det kan vera hendingar eller anna som gjer at nokon prosjekt vert framskynda og andre vert utsette.

Ein tenker seg følgjande prioritering av prosjekt:

#### **2007:**

##### **1. Vegen til Utgarden, Haukeli, 2,3 km:**

Det har blitt gjort noko opprustingsarbeid på denne vegen i 2005 og 2006. Det står framleis att å reinske opp nokre grøfter og stikkrenner, noko masseutskifting/bæreevneauking og legging av nytt fast dekke der trangen er størst. Kostnad, kr: 1.000.000,-.

##### **2. Høgetveitlia, Bøgrend, 1 km:**

Her er det tenkt å friske opp att grøfter og stikkrenner. Rette opp att vegen og etablere nytt fast dekke.

Kostnad, kr: 800.000,-

##### **3. Smørklepp, 1,2 km:**

Naudsarbeid i form av legging av fast dekke på delar av vegen der det er akutt trøng for oppretting.

Kostnad, kr: 200.000,-

I samanheng med at Statkraft har ein større jobb med Bitdalsdammen har dei vore i kontakt med kommunen om evt. levering av massar til Kromvikvegen. Dersom dette vert aktuelt bør ein bruke delar av løyvinga i 2007 til grusing. Ein må då utsetje noko av dei planlagde prosjekta ovanfor. Dette vil då få følgjer for resten av prosjekta som er sett opp i vegplanen.

#### **2008:**

##### **1. Kostveit – Tjønnegrend, 12 km:**

Sidan det er planlagt at masseuttaket i Kolos skal avsluttast i 2008 er det gunstig å nytte høve til å gruse opp att desse vegstrekningane medan ein har masser i nærleiken. Kostnad, kr: 600.000,-

##### **2. Trovasslivegen, 1,2 km:**

Vegen har stor trøng for opprusting i form av auka bæreevne og nytt fast dekke. Kostnad, kr. 1.200.000,-

##### **3. Smørklepp, 1,2 km:**

Naudsarbeid i form av legging av fast dekke på delar av vegen der det er akutt trøng for oppretting.

Kostnad, kr: 200.000,-

#### **2009:**

**1. Bygdevegen, Edland, 3 km:**

Drenere vekk vatn frå vegkroppen, legging av nytt fast dekke.

Kostnad: 1.700.000,-

**2. Kromvikvegen, 12 km:**

Opprusting i form av utskifting av stikkrenner og grøfting.

Kostnad, kr: 300.000,-

**2010:**

**1. Grungebru – Heie, 5 km:**

Opprusting i form av grøfting, utskifting av stikkrenner, auka bæreevne og nytt dekke.

Kostnad, kr: 1.500.000,-

**2. Lidvegen, 3,1 km:**

Oppstart av ein meir omfattande opprustning av denne vegstrekninga.

Kostnad, kr: 500.000,-